



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

16.08.2023

Vår ref:

2023/11599

Dykkar dato:

18.07.2023

Dykkar ref:

2023/5710

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgnen, 5764 3079

Torkel Hofseth, 5764 3083

Uttale - Bygging av landbruksvei - Alver 120/3 m fl - Paal Jonas Daae Stene

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 4 på gnr. 120. bnr. 3 mfl. i Alver kommune. Vegen er planlagd med 2 750 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen totalt vil gi tilgang til 1600 dekar, av desse er det 300 dekar produktivskog. Interesser i vegen er opplyst å vere 70 prosent skogbruksinteresser, det er samla 30 prosent privat bustad og fritidsbustad oppgitt i søknaden. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen»*

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi er klar over at Fylkesmannen i Hordaland oppheva Lindås kommune sitt vedtak om løyve til bygging av landbruksveg i 2018. Fylkesmannen sendte den gang saken tilbake til kommunen for ny handsaming. Dette vart gjort, ut i frå det vi kan sjå, på bakgrunn av sakhandsamingsfeil i kommunen sitt vedtak den gang.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggjet. Skogbruksinteresser er oppgitt til 70 prosent, og det er om lag 10 000 kubikk med gran og sitka frå seint 60-talet i dekningsområdet. Vi har heller ingen merknad til interessene.



Med helsing

Martin Søgnen
rådgjevar